

B E R G S Ø Y I D R E T T S L A G.

Årsberetning for 1965/66.

Denne årsberetning omfatter Bergsøy Idrettslag's 22. rekneskapsår, nemleg frå den 5.nov. 1965 til 5. nov. 1966. Det er i denne periode holdt 4 ordinere styremøter.

Som rekneskapen viser har det økonomiske utbytte av dei arrangement som laget har hatt vore serdeles godt. Det har vore halde ei dansetilstelling og ei utloddning av spekekjøtt, begge med godt utbytte. Men det som ga inntekter som monna var skytebanedrifta i vinter. Vi fekk til denne leige endel av sjøbua til Elias Hansen helt gratis. Skytebana vart dreven frå 27. november 1965 til 17. april i år, og det var halde opent frå 4 til 2 kveldar kvar veke. Sjølv om drifta i lengda vart ei belastning på dei få aktive medlemene i laget, bør det også satsast på eit liknande arrangement komande vinter. Når seriestartten står for døra er det betryggande å vite at ein ~~ikkje~~ i den mest hektiske fotballsesongen i allefall ikkje har økonomiske problem å stri med. Ein kan i allefall ikkje lite på at inntektene på fotballkampane skal ~~verge~~ verte so store at ein kan greie seg med desse. Billetttalet på seriekampane i år var ca. 800 vaksne- og ca. 400 barnebillettar, dette er på langt nær nokk til å dekke reiseutgiftene med. Av Herøy kommune fekk vi også i år eit tilskot, det var på 2000.00 kroner. Også denne vinteren tok laget på seg vakthalddet ved symjebassenget mot at vi fekk bruke gymnastikksalen gratis, i komande vinter vert dette ikkje ~~delt~~ noe av, og vi må derfor rekne med å betale iallefall vasking av gymnastikksalen og garderobe.

## Fotball

### A-laget.

Førebuinga til sesongen starta allereide i oktober men innandårs-trening i gymnastikkalen. Det var optimisme i laget, og alle gjekk inn for at denne gongen skulle det lukkast å halde seg i 4. div. i meir enn ein sesong. Det vart trena to gonger for veka heile vinteren, og so snart snøen og isen gjekk av bana i mars vart treningsa flytta dit.

Det vart arbeidt ein del med å få tak i trenar, men det var sers vanskeleg, men gjennom Sunnmøre Fotballkrets fekk vi lovnad på Hødd's trenar Ola Kristoffersen. Han besøkte laget tre gonger i vår.

Før seriestart vart det spela tre privatkamper, nemleg :

Bergsøy - Hovdebygda 8-0 Bergsøy - Hareid 3-0

Bergsøy - Hødd B 4-1 . Seinare i sesongen vart det spela to til, i mai gjesta vi Volda der resultatet vart 3-3 og i juli Hareid der vi vant med 7-1. Altså 5 kampar uten tap.

Seriestarten var 5. mai då vi hadde heimekamp mot Ørsta som vant 5-2. Resultatet av dei andre kampane vart:

Bergsøy - Skarbøvik 4 - 0 Stordal - Bergsøy 0 - 3

Bergsøy - Valder 1 - 1 Rollon - Bergsøy 2 - 3

Bergsøy - Spjelkavik 2 - 4 Sykkylven - Bergsøy 1 - 2

Av desse kampane er det serleg grunn til å framheve seieren over Rollon på Aksla Stadion. Her var det verkeleg godt spel og resultatet var ein stor stimulans for laget som etter denne kampen låg på topp i 4<sup>st</sup> divisjon, men dette varde ikkje lenge. Etter dei 7 vårkampane låg Spjelkavik på topp med 11 poeng, vidare fylgde Valder, Rollon og Bergsøy alle med 9 poeng, så Ørsta med 8, Skarbøvik 7, Sykkylven 3 og Stordal sist med 0 poeng.

Haustkampane fekk dette utfall:

Ørsta - Bergsøy	3 - 0	Skarbøvik - Bergsøy	9 - 0
Bergsøy - Stordal	5 - 0	Valder - Bergsøy	3 - 1
Bergsøy - Rollon	4 - 4	Spjelkavik - Bergsøy	3 - 1
Bergsøy - Sykkylven	11 - 0		

Sluttstillings i 4. div. 1966 var dermed slik:

Seriemester:	Spjelkavik	14	8-4-23	39-10	20	poeng
Nr. 2 .....	Skarbøvik	14	9-1-4	43-28	19	"
Nr. 3 .....	Ørsta	14	8-2-4	36-16	18	"
Nr. 4 .....	Rollon	14	7-3-4	31-25	17	"
Nr. 5 .....	Valder	14	6-4-4	33-20	16	"
Nr. 6 .....	Bergsøy	14	6-2-6	39-34	14	"
Nr. 7 .....	Syklyven	14	2-3-9	16-33	7	"
Nr. 8 .....	Stordal	14	0-1-13	6-73	1	"

Stordal må rykke ned i 5. div., mens Syklyven berga seg fordi Spjelkavik spillte seg opp i 3. div.

Ein kan vel sei at resultatet av haustkampane var litt skuffande sett i forhold til vårsesongen, kanskje var årsaka at ikkje treningsvare skjøtta som den burde i feriemånen juli, men det var også endel sjukdom og skader blant spelarane, som nok gjorde sitt. Men vi skal ikkje klage, målet for sesongen var fornva kontrakt i 4. div. og det lukkast med god margin.

Det har i seriekampane vore nytta 21 forskjellige spelara, og 8 av desse er juniorer. Gjennomsnittsalderen for samtlige er 22 år.

Desse har spela på laget i seriekampane :

Sigmund Paulsen .....	14	Kjell Almestad .....	7
Knut Igesund, junior .....	12	Andreas Kvalsund, junior ..	7
Gunnar Kjellstadli .....	12	Ronald Moen, junior .....	7
Asbjørn Myklebust, junior ..	12	Ola Harsvik .....	5
Asbjørn Røssås .....	12	Odd Berge .....	2
Knut Teige, junior .....	12	Kjartan Fagerlund .....	2
Sverre Botn .....	11	Håkon Harsvik, junior .....	2
Asmund Myklebust .....	10	Kjetil Reite .....	2
Oskar Wåge .....	10	Jan Dypvik, junior .....	1
Eldar Eilertsen .....	8	Sveinnung Frøystad .....	1
Sigleif Karlsen, junior ..	8		

#### Juniorlaget.

Det var påmeldt lag til juniorserien, men tett før seriestarten vart det vedteke å trekke laget frå serien. Grunnen til at det var påmeldt juniorlag var at det i februar (påmeldingsfristen for jr.lag er 10. febr.) var gode utsikter for juniorlag, det tegna til å verte godt med utvalg av spelara til a-laget som var overr jr.-alderen. Men seinare viste det seg at ~~a-laget~~ på grunn av skader og forfall av

andre grunnar var utvalget sterkt redusert, og vi måtte regne med å bruke endel juniorer på a-laget. I 7 av seriekampane har det vore nytta 5 og 6 juniorer på laget, elles frå 2 til 4. Det seier seg sjølv at det ville verte for hardt for desse å spille både på a-lag og jr.lag.

### Guttelaget.

Guttelaget har også i år utmerka seg med fin innsats i serien. Gutteserien, med 24 lag, var inndelt i 4 avdelingar og vårt lag vann si avdeling med desse kampresultat:

Bergsøy - Ørsta	4-1	Volda - Bergsøy	1-5
Bergsøy - Sebø	3-0	Hareid - Bergsøy	1-2
Bergsøy - Hødd	1-2		

Dei andre avdelingsvinnarane var: Haramsøy, Langevåg og Sykkylven. Dei avsluttande kampane vart ordna i enkel serie. Fyrst spela laget mot Haramsøy her og vann 2-0,. neste kamp var i Sykkylven, der laget måtte bite i graset med et 1-0 tap. Siste og avgjerande kamp var på heimebane mot Langevåg som hadde vunne sine to fyrste kampar, mot Sykkylven med 7-1 og mot Haramsøy 3-1. Vårt lag måtte derfor vinne 4-0 for å verte kretsmestre. Det vart ein frisk, spennande og velspilt kamp som enda uavgjort 1-1, og Langevåg var dermed kretsmester og vårt lag som nr. 2 . Laget har fleire gode emner som ~~xxixdx~~ vi nok vil få god nytte av i åra framover.

### Handball.

Det har heller ikkje i år vore nogen aktivitet i handballgruppa og kontigenten til Norges Handballforbund er ikkje betalt, denne er på kr. 170. Det er opp til åssmåtet å bestemme om laget fortsatt skal vere medlem i forbundet. Styret har rådd til at laget foreløpig vert utmeld.

### Idrettsanlegget.

Med tanke på at vi i år skulle spille i 4. div. vart det i vår gjort en del oppussings arbeid på klubbhuset. Det vart lagd halvhard huntonit i taket i avkledningsrommet, ~~xxx~~ her vart også veggane pussa, og dette vart også gjort med heile huset utvendes.

Det har som oftast kvar vinter vore frostskade på varmtvasssanlegget, og særleg siste vinter var dette ille. For å unga dette bør både tanken og garderoberommert vere temperert heile vinteren, og med tanke på dette bør taket her isolerast med steinull.

På fotballbana er det berre gjort vanleg vedlikehaldsarbeid, bl. a. er hovedgrøftene frå bana opprenska. Det var også meningen å gruse bana i vinter men på grunn av mykje is og snø vart dette ikje noe av, men dersom økonomien tillet det vart dette gjerast til komande sesong.

Kravet om grasbane har meldt seg sterkare for kvart år som er gått. Fleire og fleire lag i kretsen har skaffa seg grasbanexxigt, og det er ikkje muleg for grusbanelag å hevde seg på våte og sleipe grasbaner som det ofte er på desse kantar. Det har ofte vore på tale å legge gras på laget si grusbane, men då vi ikkje har reservebane å spille på i mellomtida, har det ikkje vorte alvor av planane. På reguleringskartet for Bergsøya er det inntekna sentralidrettsanlegg i området mellom Bergsøy Sentralskule og Herøy Yrkesskule. Det har i år vore ei merkbar auke i komunen si inn interesse for dette anlegget, og i forbindelse med innkjøp av grunn til nytt skulebygg vart også dette arealet teke med. Skjøn og overskjøn er no avvikla og det er grunn til å tru at grunnen vil varte innkjøpt med ~~ut~~ det fyrste.

Med tanke på å kome igang med forberedelsene so snart som råd er, vart det av komunen sammenkalla et møte på Vestvang 10. okt., der representanter frå komunen, skule, den kommunale Ungdoms- og idrettsnemd, og frå idrettslægra i komunen var tilstades. Idrettskonsulenten i Møre og Romsdal, herr Kåre Viken, var også på møtet. Ein vart einige om at det

skulle velges en byggenemd for anlegget, og formannskapet skulle sette opp arbeidsmandat og mandatfordeling mellom dei intereseerte partane. I formannskapsmøte 25. okt. er det tilrådd at byggenemda får 8 medlemmer med slik fordeling: 2 fra komunen, 2 fra skulen ( 1 fra folkeskulen og 1 fra yrkesskulen), 1 fra den kommunale Ungdoms- og idrettsnemd, og 3 medlemmer fra idrettslaga i komunen ( 1 fra Bergsøy, 1 fra Gurskøy, og 1 fra Moltu).

Styret har oppnevnt Egil Leikanger som laget sin representant i nemda. Men det er ikkje teke avgjerd i kva støtte laget bør eller kan gi til utbygginga av annlegget. Komunen har bevilga kr. 100 000.~~xx~~ Av dette går 50 000 til innkjøp av grunn til idrettsannlegget og friluftsområdet, resten vert til opparbeiding av bana. Men komunen har sagt frå at også idrettsungdommen må ~~xx~~ hjelpe til med dugnad eller pengeinnsamlinger.

Tillitsverv.

Formann : Eystein Botn  
Nestformann: Gunnar Kjellstadli  
Kasserer: Ingvald Stenersen  
Sekretær: Knut Reite  
Styremedlem: Asmund Myklebust  
Varamenn: Nickolai Rånes, Egil Leikanger, Harald Arnesen.

Revisorer: Elias Hansen, Peder Worren.

Oppmann for a-laget : Egil Leikanger  
UK " " : Sigmund Paulsen, Nick. Rånes.  
UK varamenn: Jon og Ingvald Stenersen  
Oppmann for juniorlag : Eldar Eilertsen  
Uk " " : Oskar Waage, Geirfinn Goksøyr  
Oppmann for guttelaget: Geirfinn Goksøyr

Banenemd: Harald Thorseth, H. Måløy, Per Worren, H. Huldal, K. Teige.  
Klubbhusnamd: Eldar Eilertsen, Geirfinn Goksøyr

Arkivar : Knut Reite

Kontrollnemd: Elias Hansen, Finn Voldnes

Friidrettsnamd: Jarle Brekke, Egil Leikanger, Perry Pettersen,  
Eldar Eilertsen

Arrangementskomite: Sigmund Paulsen, Harald Arnesen, Geirfinn Goksøyr,  
Eldar Eilertsen, Roger Huldal

Representanter til fotballtinget 1965: Egil Leikanger og ~~Asmund~~  
Asmund Myklebust

Damegruppa :

Formann: Asgeir Ramstad.

På vegne av styret vil eg takke medlemmer og tillitsmenn for det arbeid som er utført for laget i det året som er gått, og ynskjer dei nye tillitsmennene alt godt med det vidare arbeid for laget.

Fosnavåg 5. nov. 1966

For Bergsøy Idrettslag

Eystein Botn